



KONSEKVEN SAR VED BRO T PÅ ORDENSREGLANE:

FRAMGANGSMÅTE VED ALVORLEGE EPISODAR/FARLEG ÅTFERD

Den vaksne som er vitne til hendinga, tek avgjerd om hendinga er av ein slik karakter at ho vert klassifisert som ALVORLEG/FARLEG.

Vi nyttar følgjande oppfølging av slike hendingar til vanleg:

1. Elevane (dei involverte) skal straks konfronterast av kontaktlærer med hendinga og få fortelja med eigne ord korleis dei opplevde situasjonen. Om ikkje kontaktlærer kan ta dette med elevane der og då, skal leiinga ved rektor/inspektør (rektor-vikar) ta denne samtalen. Kontaktlærer registrerer hendinga. Utøvande elev skal gjerast kjent med vidare saksgang dersom han/ho utfører liknande handlingar.
2. Om alvorleg hending tek seg oppatt med same elev som utøvar, skal same prosedyre følgjast som under pkt. 1. I tillegg skal det takast telefonisk kontakt med heimen/føresette, og eleven skal sjølv fortelja/gi informasjon om kva som har hendt og kvifor det blir ringt (brot på ordensreglane).
3. Ved tilsvarande bro t på ordensreglane for tredje gong, skal føresette kallast inn til samtale saman med eleven straks, etter at ein har gått gjennom prosedyre i pkt 1 over. Møtet skal munna ut i ein kort plan for korleis heimen/eleven tenkjer seg å arbeida med å følgja ordensreglane.
4. Ved særleg alvorlege hendingar kan ein gå direkte til tiltak 2 eller 3. Rektor/inspektør skal vurdera dette saman med kontaktlærer.

Alle kontaktlærarar går gjennom denne tiltakskjeda og øver med elevane på akseptabel framferd og peikar på kva som kan føra til tiltak som skissert i punkta over (snøballkasting, steinkasting, spark, slag, bruka av kjeppar/pinnar, og anna viljeshandling/tankeløyse som kan føra til skade på medelevar). Vi reknar at situasjonar der elevar nektar å ta mot tilrettevising av vaksne, også kjem i kategorien alvorlege hendingar.

Dette er vedlegg til ordensreglane ved skulen.

Kontaktlærer sender/deler ut vedlegget til føresette saman med ordensreglane.

Rev. vinteren 2010.